

# Flora Turlag

## Årsmelding 2022



**Flora Turlag (FT)** er tilslutta Sogn og Fjordane Turlag (SFT) som er ein av medlemsforeiningane i Den Norske Turistforeining (DNT). Flora Turlag sitt medlemsområde er gamle Flora kommune, og utøvar sitt arbeid i Flora kommune. Formålet er å være den leiande formidlar av eit enkelt, aktivt, allsidig og naturvennleg friluftsliv, samt jobbe for ivaretaking av friluftslivets natur og kulturgrunnlag.

Sidan 1976 har vi lagt til rette for flotte turopplevingar i Flora-naturen. Turlaget har gjennom desse åra vore opptekne av at alle skal kunne finne eit tilbod som passar. I dag har vi turtilbod til alle - frå barn til senior, på dagtid, ettermiddag og helg gjennom heile året. Vi kan i tillegg tilby besøk og overnatting på fire ubetente hytter.

## 1. Styret 2022

Leiar:	Bengt Solheim-Olsen (1 år - nyval)
Styremedlem/Nestleiar:	Anders Myklebust (2 år – ikkje på val)
Styremedlem:	Siv Grov (2 år – ikkje på val)
Styremedlem/sekretær:	Karen Sæten Nilsen (2 år – nyval)
Styremedlem /Kasserar:	Sunniva Geithus (2 år – nyval)
Varamedlem:	Toralf Otnes (1 år - nyval)
Varamedlem:	Kari-Anne Melvær Strømmen (1 år - nyval)
Revisor:	Alvdis Solvang (1 år – nyval)
Valnemnd:	Dag Eliassen (2 år – nyval) Egil Russøy (2 år – nyval) Heidi Humlestøl Aasen (2 år – ikkje på val)

## 2. Styrearbeid

Styret har hatt fem fysiske møter i 2022, i tillegg til hyppig kontakt på e-post og Messenger når det har vært behov for det. Det har vært brukbar tur-aktivitet også i år sjølv om den fantastisk flotte våte vestlands-sommaren har amputert programmet og deltakinga noko.

Årets Trimpoeng i og rundt Florø hadde likevel stor oppslutning og imponerende mange trossa vær og vind for å ta 64 av 64 turmål, og i same slengen samle inn bønnevis med poeng. Trimpoeng gjorde lokalsamfunnet nok en gang om til en aktiv sosial arena der nye turmål blei oppdaga og gjennom dette bidrar Flora Turlag til betre trivsel og å betre folkehelse. Dei nære og enkle turane samla også i år mest folk og som lågterskeltilbod er det kjekt å sjå.

Hyttene våre har hatt litt nedgang i besøk i år, men etter rekordårene under pandemien var dette venta. Mange prioriterte å feriere i varmare strøk og vêrgudane påverkar også hyttebesøket litt negativt. Børabu er nettopp opna opp igjen og vi gleder oss til å ta den skikkeleg i bruk i 2023. Den ligg så vakkert til under majesteteten Børa. På Gjegnabu har det vært jobba med å få til ei ny hytte som kommer ut frå behovet om sikringsbu i tilknytning til den eksisterande hytta. Gruppa, leda av Dag Eliassen, har jobba intensivt i det siste og har levert eit bra prosjekt som kjem til behandling for årsmøtet. Ein spesiell takk til dei entusiastiske arkitektane, Malin Johannesen og Stian Nærøy, som har lagt ned mange timar av eiga fritid for å få fram prosjektet.


Vi er dessverre ikkje noko nærmare å konkludere i arbeidet med kajakknaust. Vi har jobba med et prioritert alternativ men om dette ikkje lar seg realisere raskt er det behov for å tenke nytt.

Generelt vil styret få rette en stor takk til alle frivillige som bidrar for Flora Turlag. Utan den innsatsen, stå-på-vilja, entusiasmen og arbeidsgleda de legg ned for laget hadde vi ikkje kunne levert så mykje god aktivitet og gode tilbod som vi i dag gjer.

### 3. Medlemstal

Flora Turlag har eit æresmedlem: Astrid Breiland Eliassen. I år har vi **951** medlemmar, og kan med det sjå ei nedgåande kurve frå i fjor. Frå DNT nasjonalt veit vi at dei ser ei generell nedgang i medlemmar, og dette gjeld også oss. I tillegg kunne ein tidlegare høyre til Flora Turlag utan å være busett i kommunen, men dette er ikkje mogeleg lenger.

2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
456	502	525	540	604	672	765	933	907	872	986	951



### 4. Profilering

Når det gjeld profilering har turane/arrangementa som vanleg vore med i Sogn og Fjordane sitt turprogram som vert sendt til heile fylket i februar, inkl. Barnas Turlag arrangement. Turane har vore gjort kjent på nettsida til Flora Turlag samt via Facebook og Instagram. Det har vore jobba svært systematisk med å legge ut kort rapport og eit par bilde i etterkant av gjennomført tur. Dette er eit svært viktig arbeid for synleggjering og inkludering. Flora Turlag var og omtalt i turavisa til Sogn og Fjordane Turlag som også går til alle husstandar i Sogn og Fjordane. Vi har også hatt mange fine medieoppslag i Firdaposten.

### 5. Turar og aktivitet

Det har vore ein fin tursesong men mange høgdepunkt. Tabellen under viser oversikt over deltaking på årets turar. Avlyste turar er på grunn av vær, Covid-19 restriksjonar, manglande påmelding eller turleiarar. Siv Grov er ansvarleg for turprogram og kurs i Flora Turlag.

	2022	2021	2020	2019	2018	2017	2016
<b>1. Totalt tal avvikla turar/arrangement inkl. BT-turar og tysdags- og onsdagsturar</b>	76	92	72	119		104	107
2. Av disse gjennomført	28	9	11	29		13	13
Helgeturar/andre arrangement/OPPTUR	(16 avlyst)	(20 avlyst inkl. korona avlysninger)	(22 avlyst inkl. korona avlysninger)	(15 avlyst)		(9 avlyst)	(12 avlyst)
BT arrangement	4	5	10	3		6	9
		4 avlyst	8 avlyst			(4 avlyst)	(1 avlyst)
Måndagsturar	0	20	38	20	10	19	11
		1	13 avlyst		(2 avlyst)		
Tysdags- og onsdagsturar	20	26	25	21	29	22	33
	8 avlyst	8 avlyst	13	(1 avlyst)	(4 avlyst)	(1 avlyst)	(9 avlyst)
Tysdag - og onsdagsturar dagtid	5, 1 avlyst						
Torsdagsturar (Senior)	40	39	40	38	39	38	39
		3 avlyst	13 avlyst			(1 avlyst)	
Onsdagspadling, FHF turar/kurs/arr	9	11	8	8	11	6	2
		1 avlyst	1 avlyst		( 5 avlyst)	(4 avlyst)	
<b>Deltakarar:</b>							
<b>Vaksne helgaturar /BT</b>	133 (2 born)	136/ 139	130	190/9		452	201
<b>Måndagsturar</b>		119	137	135	100	205	255
<b>BT – Barnas Turlag</b>	Ca. 390	25/ 38				194	1010
<b>OPPTUR</b>	161 elever	139/ 13		23/152	160	160	160
<b>Tysdags- og onsdagsturar</b>	165 (3 born)	215	169/ 4	235/4	252	222	370
							(derav 13 barn)
<b>Torsdagsturar (Senior)</b>	411	537	447	538	475	405	357
<b>FHF / Kajakk*</b>	71	159	81	143	100	101	9
<b>Totalt</b>	1373	1330/ 190	964/ 4	1264/165		1739	2362

## 6. Måndagsturar

Det har dessverre ikkje vore aktivitet i lågterskeltilbodet måndagsturar i år.

## 7. Tysdag – og onsdagsturar

Vi har hatt 20 flotte tysdag- og onsdagsturar på ettermiddagen. Vi har gått til dei flotte øyane i skjergarden vår, og arrangert nokre flotte sykkelturar. Har omtrent like mange deltakarar som i fjor på turane. Reksta, Kinn og Askrova har vore mest populære.

Vi har også testa ut eit nytt hausttilbod på tysdag- og onsdagane til øyane på føremiddagen. Dette er eit litt anna tilbod enn vårt eksisterande, då vi ønskjer å få med oss dei som vil bli betre kjent med øyane og kulturen. Dette er eit lågterskeltilbod for dei som ikkje ønsker å gå veldig fort eller langt, og vi fekk gått fire flotte slike turar. Mange av dei som var med her, var deltakarar som ikkje hadde vore med på fellestur før. Signe Nordvik er ansvarleg for desse turane.

## 8. Onsdagspadling

Padlegruppa vår har hatt eit flott sesong rundt om i nærområdet vårt og nokre turar ut til øyane. Eit høgdepunkt å trekke fram var overnattingsturen til Bremanger og Smørhamn. Her fekk vi fine turar rundt i området, frå Smørhamn til Liset og rundt Smørhamnøya. Trening på teknikk, leik i kajakkane, sjøbad, gode måltid og god prat. Verkeleg ei helg alle 13 padlarar kjem til å huske! Kari-Anne Strømme og Tine Holvik er ansvarleg for turgruppa.



Bilde: Vi legg bak oss eit år med mange flotte padleturar

## 9. Torsdagsturar

Trygve Nybø er ansvarsperson for denne turgruppa og med seg gjennom disse 9 åra har han hatt Arnfrid Bergheim, Hilde Bjerck Reksten og Astrid Breiland Eliassen. Deltakinga er god og ein sprek gjeng, og i år har turane gått utan ein einaste avlysing. Nye og gamle turdeltakarar skapar eit godt sosialt preg på turane. Varierte og godt planlagde turmål, turar utafor stiar og kjentmenn/damer set ekstra spiss på turane. Første trugetur var i år og gjekk til Dyrelifjellet.

## 10. Helgeturar

Astrid Breiland Eliassen har hatt ansvaret for denne turgruppa som har vore påverka av dårleg vær denne sesongen. Ski og trugetur blei det dessverre ikkje i år, og nokre helgeturar har vi flytta datoen på i håp om betre vær. Eit av høgdepunkta i år fekk vi heldigvis gjennomført, Øyane Over gjekk med 50 turdeltakarar. Mange tilreisande var med på turen som vi arrangera i lag med Indre Sunnfjord Turlag. Turen til Ålfotbreen hadde 11 deltakarar

og vi hadde med oss ein turleiar frå Keipen Turlag, det blei ein flott tur. Vi var også med Keipen Turlag til Ploggen, og Dag Eliassen stilte som turleiar frå Flora Turlag.

Både Alden Værlandet/Bulandet og Hovden dagen blei avlyst i år på grunn av dårlig vær. På hausten var det mykje regn og vind, ingen turdeltakarar melde seg og fleire turar blei også difor avlyst. Det var satt opp skitur frå Ålfoten som skulle være ein fellestur for Keipen Turlag som hovudansvarleg saman med Midtre Nordfjord Turlag og Flora Turlag, denne blei også avlyst på grunn av dårleg vær. Vi prøvar igjen i 2023, og kryssar fingrane for betre vær.



**Bilde:** Mange deltok på Øyane Over i år, og vi var velsigna med godt vær

## 11. Barnas Turlag

I vinter arrangerte Barnas Turlag med Sissel Strømmen i spissen Kom deg ut dag i Instedalen. Arrangementet blir arrangert i samarbeid med Barnas Turlag Naustdal og Frivillighetssentralen frå både Florø og Naustdal var med. Instedalen er ein fin plass for aktivitet for born, og det blei eit fint arrangement. Kom deg ut dagen er Norges nasjonale turdag. Denne dagen ønsker vi å nå bredt ut til befolkninga og særleg til barnefamiliar i heile landet, både turvante og ferskingar. Vi vil gi deltakarane ein smakebit av friluftslivet - ein smakebit som gir meirsmak! Astrid B. Eliassen hadde ansvaret for Kom deg ut dagen på hausten, som blei arrangert på Sørstrand på hausten. Fjordane Friluftsråd blei også med, og det blei ein folkefest med strålende vær og kjempe godt oppmøte. Vi gjekk på line, padla kajakk, grilla, leika i fjæra og mykje anna. Saman med Sparebanken Sogn og Fjordane og Florø Turn og Idrettsforening arrangerte vi aktivitetar i Litleåsen 01. mai. På Kinnaspelet hadde også Barnas Turlag saman med Keipen arrangement.

## 12. OPPTUR

Vi hadde glede av å ønske velkommen årets 8.klassingar frå Eikefjord og Flora Ungdomsskule saman med lærarane til Opptur i mai. Bengt ønskte god tur på DNT sin nasjonale turdag og sendte elevane ut på tur, med mål Brandsøyåsen. Første stopp var i austenden av Storevatnet. Her venta Ingunn og ei klasse frå Flora Vidaregåande skule med ulike aktivitetar. Turen gjekk vidare oppover turstiane til Torvmyrane Barneskule. Her venta Trygve med sin fruktstasjon med frukt sponsa av Kiwi. Godt med energipåfyll og muntrande ord før siste oppstiging. Nytt i år var ein stasjon før toppen. Der Sogn og Fjordane Skogselskap hadde quiz, for dei som tok seg tid til å stoppe, med fine premiar - caps eller solbriller. På toppen ønska Astrid og Hilde velkommen og alle fekk ei flaske vatten sponsa av Olden. Neste stasjon var hos Siv og Arnfrid som tok imot returpanten og delte ut fine blå DNT ung panneband. Også i år merka vi ein kort rundtur frå toppen tilbake til hovedstien. Her var Dag på plass for å vise veg på returen.

Det blei ein ein kjekk OPPTUR dag med alle 8.klassingane, lærarar, Skogselskapet, sponsorar og dei frivillige frå Flora Turlag - å joda kalde vart vi men rike på naturopplevingar, kunnskap og mestring.



Bilde: Vi legg bak oss det 16. flotte arrangementet med OPPTUR

## 13. Sikkerheit

Som alltid har sikkerheit vore i fokus hjå oss, og vi har ikkje hatt nokon personskadar i 2021. Alle turar blir risikovurdert på førehand av turleiar. Vi har følgd nasjonale DNT sine smittevernstiltak, samt nasjonale og lokale. På alle turane har det vore godkjende turleiar og vi føl DNT sine retningslinjer «Trygge aktivitetar». Det har den siste tida vore enda meir fokus på sikkerheit i DNT. I styret arbeidar vi med å kjøpe inn ein satellittelefon for å gjere

fellesturar enda tryggare.

#### 14. UT.no

I år har vi heller ikkje talt turbøker, og vi anbefalar alle å nytte DNT si digitale turbokpostkasse, UT.no/ UT appen. Her har vi 154 turmål, og jobbar kontinuerleg med å halde dette ved like og gi alle eit godt, digitalt tilbod. Her finn du det som tidlegare heitte SjekkUT. I UT.no finn du også digital tursti, og vi har heile 151 lokale turtips og 4 hytter. Ansvarlege for SjekkUT og ut.no er Arnfrid Bergheim og Astrid Breiland Eliassen, og dei gjer ein kjempejobb for å halde oss oppdatert på både stival og punkt å sjekke ut på.



#### 15. Turtrim 2022

Turtrimmen 2022 skal motivere til turgåing og gode naturopplevingar. Turpostane er spredd rundt i heile gamle «Flora kommune» og tilliggjande kyst- og fjellområde. Det er 25 turpostar med ulik vanskegrad, 6 av turpostane er lettare turar og passar som familieturar. Det er usikkerheit om alle har fått levert inn då SjekkUT registreringane datt ut ein periode. Dei som har tatt alle 25 får gratis overnatting på valfri hytte og tilfeldige vinnarar i dei andre gruppene får DNT krus. Borna får DNT gåve. Turtrimmen har ført til at nye turgåarar finn nye turmål, og Astrid Breiland Eliassen har hatt ansvaret.

## 16. Trimpoeng 2022

Nok ein flott tursesong med Trimpoeng konkurranse er over. 4 månadar med gåing ga oss mange flotte turopplevingar. Totalt hadde vi heile 1657 deltakarar med. Vi har hatt 89 025 innsjekk fordelt på alle dei 64 turmåla, kvar Storåsen var mest populær med over 12 000 innsjekk. Plogen og Gjegnabu blei av den meir eksklusive arten, med 27 innsjekk på kvar. Heile 16 sprekingar tok samtlege turmål.

Vi fekk også til eit kjekt arrangement med Fjordane Friluftsråd, kvar vi arrangerte strandrydding på Langholmen. Sunniva Geithus og Karen Nilsen har hatt ansvaret.



## 17. Hytter

Som vanleg har Blåbrebu, Gjegnabu og Kinn vore gjenstand for mykje god dugnad. I år har vi også fått Børabu på menyen, og det synes vi er stas. På Børabu har vi inngått avtale med SFE og Svelgen Kraft om å disponere hytta. Hyttene våre har i år mindre besøk enn i fjor, og vi trur det skyldast både dårlegare vær, at nokre av hyttene har vore stengt i periodar og at ein no kan feriere meir i utlandet kontra fjoråret.

### Blåbrebu

Tilsyn: Stig Solheim

På Blåbrebu er vanleg tilsyn blitt gjort gjennom året, og dugnadsgjengen gjer ein strålende jobb med å halde hytta ved like. Det er i tillegg flydd opp ny pipehatt og ein omn, og diverse gass og fylt på sengesett. Det gjenstår å montere pipehatten, dette vil skje neste år.

**Besøk:** Vi fekk ikkje telt alle protokollane i år, men ser ein markant nedgang frå i fjor.

### Gjegnabu

Tilsyn: Dag Eliassen

Gjennom året har vi gjennomført mykje dugnad på hytta. I slutten av april var 4 personar oppe og klargjorde hytta etter vinteren, og samtidig ble det gjort befaring på tomt til sikringsbu. I juni var det befaring av det elektriske anlegget av 1 person. I slutten av juli av 2 personar oppe i 2 dagar for å få gjere berekningar med tanke på ny sikringsbu. I slutten av august satt 4 personar ein dag i Grøndalen og venta på helikoptertransport til Gjegnabu, men den blei dessverre avlyst på grunn av været. I byrjinga av september var 1 mann oppe for å klargjøre hytta og i midten av september var 3 mann oppe med helikopter for å skifte dør, få på plass ved og gass.

Det er oppretta ein komité på fem personar for å planlegge sikringsbu på Gjegnabu. Komiteen har hatt fleire møter på Teams. Arkitektar har arbeida med teikningar av sikringsbua, det er retta førespurnad til Bremanger Kommune, Ålfoten

Landskapsvernområde og Statens Skoger om løyve. Det er også arbeida med byggekalkyle og finansiering. Målsettinga er at planane om å bygge ei sikringsbu skal godkjennast på årsmøtet

**Besøk:**

Vi kan telle 46 overnattingar og 25 dagsbesøk på hytta i 2022.

**Kinn**

Tilsyn: Signe Nordvik

Tidleg i år fekk vi montert reinseanlegg for vatnet, slik at det er no er reint drikkevatt på kjøkkenet og i vaskane på toaletta. Anlegget krev jamleg tilsyn som vert kombinert med anna tilsyn på hytta. Ein snikkar har vore i arbeid nokre veker i haust og fått sett inn dør frå gangen ut på plantning som er laga på sørsida. Det har vore nokre timar med dugnad for å få den ferdig. Det er ein del snikkararbeid som gjenstår og skal takast i løpet av vinteren.

På kjøkkenet har vi fått på plass oppvaskmaskin, mikrobølgeovn og skifta komfyr til induksjon. Dusjkabinett og tørkeskap er kjøpt inn og kjem på plass i løpet av vinteren. Det har også vore tilsyn på det elektriske anlegget og utført ein del elektrikkararbeid etter det. Dei besøkande er veldig flinke til å rydde etter seg, men tilsyn må vi jo ha og det er alltid litt arbeid som skal gjerast på eit så stort hus og uteområde. Til neste år planlegg vi ein del malingsarbeid både ute og inne. Hytta har no ein god dugnadsgjeng som er klare for oppdrag på Skulehuset på Kinn!


**Besøk:**

Vi kan telle 395 overnattingar og 148 dagsbesøk. Her er ein stor del av dagsbesøka barnedåpar, ein bursdagsfest og tilsyn/dugnad som vi registrer som dagsbesøk. Over halvparten av overnattingane i år er skuleklassar, studentgrupper og andre grupper. Det er såleis færre medlemmar/andre som har vore på overnattingstur, men det er ein trend på mange hytter i år.

**Børabu**

Tilsyn: Arild Nordal

Ein flink dugnadsgjeng har i år fått Børabu i drift. Gammal utedo er blitt revet og fjernet, og ny utedo/ reiskapsbu og vedboder er flydd opp og montert. Ein bigbag med ved og ei ekstra gassflaske kom på plass saman med utedo. Vi har fått på plass nye madrassar, dyner, puter og sengtøy. Ny benkeplate er også på plass. I tillegg er utedoen ferdig malt og sør og vest veggane malt. Avfall er frakta ned med helikopter og levert på SAR, div. brennbart materiell er brent på plassen. Til neste år ønsker dugnadsgjengen å få på plass stretchlaken for alle madrassar, bygge ein platting på sørsida av hytta og ei benk i skråninga ved inngangsdøra til hytta.



		2022	2021	2020	2019	2018	2017		2022	2021	2020	2019	2018	2017	Totalt
Gjegnabu	Overnatting	46	138	54	104	110	42	Dagsbesøk	25	22	31	14	110	42	692
Blåbrebu	Overnatting		163	65	69	106	63	Dagsbesøk				21	106	63	656
Kinn	Overnatting	398	435	482	192	175	168	Dagsbesøk	148	76	72	133	175	168	2224
<b>Totalt</b>	Overnatting		736	601	365	391	273			98	103	168	391	273	

## 18. Dugnadstimar

Det blir kvart år lagt ned betydeleg med dugnadstimar i turlaget. Vi har her forsøkt å få ned eit estimert timar for dei ulike områda. Vi tar atterhald om at talla kan variere.

Turleing/arrangement/kurs:	1200 timar
Hyttene:	500 timar
Møter og administrasjon:	500 timar
Facebook, heimesida/nettsida, UT.no og SjekkUT:	800 timar
Tysdags og onsdagsturar inkludert padleturar:	700 timar
Torsdagsturar:	600 timar
Varding og merking:	136 timar

Mange har deltatt på dugnaden i år. Ingen nemnt og ingen gløymd, men en stor takk til alle som har vært frivillig! De er sjølve motoren i laget år etter år.

## 19. Naturvernsarbeid

Grytadalen: Arnfrid Bergheim og Astrid Breiland Eliassen har jobba med å ta vare på fotturistane sine rettigheter. Dei har også jobba med å halde stien frå Grytadalen til Årebrot intakt.

## 20. Ålfotbreen Landskapsvernområde

Vi har ein representant som har deltatt på møte med brukergruppa. Vi har eit godt samarbeid, og vil jobbe vidare for å utvikle området.

## 21. Sogn og Fjordane Turlag

Dag Eliassen og Astrid Breiland Eliassen representerte Flora Turlag på Årsmøte på Skei 29. januar og Fellesmøte i Vik til Sogn og Fjordane Turlag 02-03. oktober.

## 22. Turleiarar

### Grunnleggjande turleiar kurs:

Sogn og Fjordane hadde grunnleggjande turleiar kurs og 05. mars. Kursdeltakarar frå oss var: Terje Heggheim, Siv Grov, Anders Myklebust, Signe Nordvik, Dag Eliassen, Terese Eikefjord og Astrid Breiland Eliassen.

### Turleiarsamling:

Vi har ikkje arrangert turleiarsamling i år grunna få påmeldte.

### Nærturleiar kurs:

Vi har arrangert nærturleiar kurs den 13. september. Deltakarar: René Korneliussen, Nils Magnus Eliassen, Elin Standal, Jan Arne Holm, Jacob Nødseth, Siv Grov og Jannike Brenden Frøyen frå Keipen Turlag. Kurshaldarar: Astrid Breiland Eliassen, Anders Myklebust og Arnfrid Bergheim. Styreleiar Bengt Solheim-Olsen var også til stades.

### Ambassadørkurs:

Ein ambassadør er et aktivt DNT-medlem som har god kjennskap til DNT og den aktuelle medlemsforeining. Desse er no nettbasert. [Her](#) finn du dei, og [her](#) finn du ulike kurs i regi av DNT.

### Nærturleiarar i Flora Turlag:

Hilde Bjerck Reksten, Kristian N Berentzen, Rene Korneliussen, Nils Magnus Eliassen, Elin Sæter Standal, Jacob Nødseth, Jan Arne Holm og Gyda Folkedal. Nærturleiar er ein turleiar som kvalifiserer til å lede kortare dagsturar, opptil fem timer, i områder kvar ein er lokalkjent.

### Grunnleggjande turleiarar:

Sissel Strømmen, Alvdis Solvang, Trygve Nybø, Ane Eliassen, Marit Linda Espeseth, Martin Hauge, Jofrid Sundal, Terje Heggheim, Siri Stavang, Idun Jansen, Anders Myklebust, Eilif Bjerck, Astrid Breiland Eliassen, Toralf Otnes, Bengt Solheim Olsen, Jan Midtbø, Terese Eikefjord, Eva Wiik Strømgren, Siv Merete Stadheim, Karen S Nilsen og Arnfrid Bergheim. Som grunnleggjande turleiar er du kvalifisert til å leie turar i låglandet på sti og veg, hovudsakleg på sommarstid.

### Sommarturleiar:

Dag Eliassen, Terje Grøneng, Signe Nordvik, Lisbeth Ingvaldsen, Kolbjørn Nybø, Kolbjørn Hovland og Kjetil Tveranger. En sommarturleder kan ta med seg eit turfølgje på fjellet i sommarhalvåret, også i krevjande terreng. Turane arrangerast gjerne med overnatting på DNT-hytter.

### Vinterturleiar:

Stig Solheim. Ein vinterturleder i DNT kan lede turar på høgfjellet i vinterhalvåret, også i krevjande terreng.

## 23. Samarbeid

Vi takkar alle våre gode samarbeidspartnarar og sponsorar!



Vi vil rette ei **stor takk** til alle frivillige som gjer ein glimrande dugnadsinnsats for turlaget!



**Bengt Solheim-Olsen**

Styreleiar

**Anders Myklebust**

Nestleiar

**Sunniva Geithus**

Kasserar

**Karen Nilsen**

Sekretær

**Siv Grov**

Styremedlem

**Kari-Anne Strømme**

Varamedlem

**Toralf Otnes**

Varamedlem